



**FORSKING:** KVV-elevane Leonie Zimmermann og Tobias Torjusen ser på fiskelus gjennom lupe saman med Lars Hamre frå Universitetet i Bergen.

# Hardangerfjorden under lupa

**Rundt 120 elevar var torsdag 10. september samla i Norheimsund for å delta på «HardangerfjordseminaretUNG». 16 av elevane var frå KVV.**

Arrangementet var eit dagsseminar for elevar i dei vidaregåande skulane i indre Hordaland som har valt biologi, naturbruk og akvakultur som fordjuping. KVV-elevane hadde med seg biologilærar Knut Jan Kaldestad, avdelingsleiar Hilde Svalbjørg, lærar Aina Solberg, Matthias Zimmermann frå realfagsprosjektet TERS og medarrangør av seminaret, Kjersti Hol-

medal. Elevane kom frå seks ulike skular: Voss jordbrukskule, Øystese gymnas, Framnes vidaregåande, Fusa vidaregåande, Odda vidaregåande og Kvinnherad Vidaregåande. I tillegg stilte 19 elevar og 2 lærarar frå Fitjar vidaregåande skule opp for å laga lunsj til alle deltakarane. Fitjarelevane fortener all ros for fantastisk god mat og flott handtering av ei stor arbeidsoppgave!

Føremålet med seminaret var å gjera elevane kjende med nærmiljøet, vekka interesse for biologien i fjorden og knyta dette opp til teorien i faget. Vidare var det også eit mål å vekka interesse og glød innan fag-

valet med tanke på vidare utdanning og jobb.

Innleiingsvis fekk elevane utdelt sydvestar i ulike fargar. Desse skulle brukast til å dela elevane inn i grupper til ein meir praktisk workshop på slutten av dagen. Før lunsj var det foredrag frå ulike fagmiljø, der fire viktige tema vart satt fokus på:

«Korleis ville miljøet vårt sett ut utan innverknad frå Hardangerfjorden?» (Professor John Inge Svendsen, UiB).

«Kva er situasjonen når det gjeld lakselus i Hardangerfjorden i dag?» (Forskar Aina-Cathrine Øvergård, UiB).

«Kva er stoda når det gjeld tungmetall i fjorden vår?» (Professor Amund Måge, NIFES/UiB).

«Verneområde i Hardangerfjorden, kva inneber det?» (Ass. miljøvernssjef Stein Byrkjeland, Fylkesmannen i Hordaland).

Kjell Kvingedal, miljøsjef hos Fylkesmannen i Hordaland, opna seminaret.

- Det er flott at vi har fått et eige seminar for dei som skal løysa miljøutfordringane i framtida. Vi lever i ei tid der det er avstand mellom situasjonen

vi har no og den situasjonen vi eigentleg ønskjer å vera i. Vi ønskjer oss ei berekraftig utvikling med grøn økonomi. På mange måtar har vi levd som om vi er uavhengige av naturen, men slik er det jo ikkje. Ei av dei store misoppfatningane er at vi kan ta naturen for gitt, sa Kvingedal.

Han fortalde også at han skulle ønskja at oppdrettsnæringa kunne veksa, men at miljøutfordringane først måtte løysast. Det har mellom anna vore rømmingar frå oppdrettsanlegg i Hardangerfjorden dei siste to somrane som ingen vil vedkjenna seg.

Det vart ein innhaldsrik, men

hektisk dag for elevane. Klokketida fire på ettermiddagen kunne dei reisa heim att med hovuda fulle av inntrykk og ny kunnskap. Det var ein eksemplarisk gjeng som møtte, og det har vore svært kjekt å oppleva at så mange skular ville vera med, seier arrangørane av seminaret:

- Vi ventar på ei evaluering frå alle elevane, men tilbakemeldingane frå skulane så langt har vore veldig positive. Det hadde vore kjekt om Hardangerfjordseminaret for ungdom kunne blitt ein årleg tradisjon.

TEKST/FOTO:  
KJERSTI HOLMEDAL, KVV



**SEMINAR:** 120 elevar frå Voss, Øystese, Framnes, Fusa, Odda og Kvinnherad deltok på seminaret.



**ARRANGØRAR:** F.v. Frode Strønen, Kjersti Holmedal og Sven-Helge Pedersen i arrangørstaben.